



Notat

Dato: 26.08.2016
Arkivsak: 2016/412-19
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål - status på innføring av kortbetaling på Hardangerbussen

I møtebok til Misa sitt møte 10.02.2016 er det teke inn følgjande oversending:

Natalie Golis (MDG) spurde om kva som er status på innføring av kortbetaling på Hardangerbussen

Skyss har eit billetteringssystem der løysning for betaling med kort ikkje er integrert. Det å innføre betaling med kort om bord på bussane i Hordaland vil ha ein vesentleg kostnad knytt til installering og vedlikehald og er derfor ikkje noko som har blitt prioritert innanfor stramme budsjetttrammer. I sommar har ein prøvd ut ei løysing med kortterminal på turistruta som køyrer frå Gudvangen, og dette forsøket blir evaluert no i september.

Skyss har stor forståing for at ein blir oppfatta som gamaldags og lite kundevenleg når ein ikkje tilbyr betaling med kort om bord. På bakgrunn av dette har ein sett i gong eit arbeid med å utgreie moglege betalingsalternativ for busskundar utanfor sone Bergen med fokus på dei lange rutene som til dømes Odda – Bergen og Voss – Norheimsund - Bergen, på kort og mellomlang sikt.